

Det Kgl. Utdannings-og forskningsdepartement
Postboks 8119 Dep.

0032 OSLO

| | | |
|--------------|----|-----|
| UFD | | |
| 17 SEPT 2004 | | |
| 200402804 | 78 | 614 |

Vår ref.
04/00900-004/IJP

Arkivkode
A6 &13

Dykkar ref.

Dato
17.09.2004

HØRING - FORSLAG OM ENDRINGAR I FORSKRIFT OM OPPTAKSKRAV TIL GRUNN-UTDANNINGAR VED UNIVERSITET OG HØGSKULAR §8 SPESIELLE OPPTAKSKRAV

MELDING OM VEDTAK

Formannskapet handsama i møte 16.09.2004 sak 0063/04. De vert med dette underretta om at det er fatta følgjande vedtak:

Sogndal kommune har desse merknadene til framlegg til endring i forskrift om spesielle opptakskrav til allmennlærerutdanninga:

1. Sogndal kommune er samd i at det er viktig å kvalitetssikre lærarutdanninga og meiner at departementet med Stortingsmelding 30 har påvist mange og sentrale utfordringar for all lærarutdanning med tanke på å sikre at skulen får kvalifiserte lærarar.
2. Lærarane sine kvalifikasjonar heng ikkje berre saman med karakternivå frå vidaregåande skule. Dei opptakskrava det er gjort framlegg om, kan ha ein positiv verknad for kvalitetssikringa av lærarutdanninga, men det er ikkje nokon automatikk i ei slik utvikling. I staden for opptakskrav bør det leggjast meir vekt på sterkare kvalitetssikring i lærarutdanninga, tett oppfølging av den enkelte student, særleg i praksisopplæringa, faglege krav og oppfølging av nyutdanna lærarar.
3. I staden for å innføre opptakskrav bør allmennlærerutdanninga få høve til å arbeide vidare med å realisere intensjonane i Kvalitetsreforma og kvalitetssikre utdanninga i høve til målsetjinga i Rammeplan for allmennlærerutdanninga.
4. Kommunen vil òg peike på at det ikkje er gjort framlegg om særskilde opptakskrav for faglærer- og førskuleutdanninga. Opptakskrav utover generell studiekompetanse til allmennlærerutdanninga vil difor ikkje sikre at alle som utdannar seg for arbeid i skulen, oppfyller dei tilleggskrava som vert lagt til grunn for opptak til allmennlærerutdanninga. Ei sterkare kvalitetssikring i sjølve utdanninga vil difor vere vel så viktig for å sikre god kvalitet på alle som underviser i skulen. Det er òg viktig at ein ved ei eventuell innføring av opptakskrav tek omsyn til realkompetanse- studentane. Dette er studentar som ofte når eit til dels godt karakternivå, og det er få av dei som sluttar under vegg i studiet.

5. Som vertskommune for Sogn og Fjordane Høgskule er kommunen oppteken av at innføring av opptakskrav ikkje skal føre til ei sentralisering av lærarutdanninga. Vi vil i den samanheng peike på at høgskulane i distrikta er vesentlege leverandørar av lærar til skular i området, og at dei såleis er viktige for å sikre at desse skulane har tilgang på godt kvalifiserte lærarar.
6. Ei nedbygging av lærarutdanninga i distrikta vil svekke rolle til dei distriktsbaserte høgskulane som utviklingsaktør og kompetanseleverandør innan etter- og vidareutdanning lokalt. Allmennlærerutdanninga er ein vesentleg del av verksemda til mange høgskular i distrikta, og ei reduksjon i rekrutteringa til denne utdanninga vil òg svekke dei distriktsbaserte høgskulane på andre måtar. Kommunen kan ikkje sjå at det er gjennomført ei utfyllande konsekvensanalyse av kva for regionale verknader framlegget om innføring av særskilde opptakskrav får. Dersom departementet innfører særskilde opptakskrav som vil føre til ei sentralisering av lærarutdanninga, bør det i alle fall vurderast å innføre ei kvoteordning på studieplassar som kan sikre at allmennlærerutdanninga òg kan halde fram i distrikta.

Med helsing

Inger Pedersen
kommunalsjef